



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5819 - 23/36441

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Supplement til oversending av dispensasjon for oppføring av fritidsbustad til klagevurdering - gbnr 483/7 Haukeland nordre

Alver kommune har den 10.05.2023 mottatt supplement frå klagar til oversendinga av 09.05.2023 til Statsforvaltaren i Vestland. Oversendinga gjaldt dispensasjon for oppføring av fritidsbustad til klagevurdering – gbnr 483/7 Haukeland nordre.

Det er en inkurie (openbar feil) at saksframlegget til Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 26.04.2023 refererer til Haukedal nordre. Feilen vart påpekt i dette møtet og korrigert av administrasjonen ved oppfølging av vedtaket i etterkant. Korrekt stadnamn er Haukeland nordre. Sjølve saksframlegget endrast ikkje i ettertid.

Når det gjeld omkrets og lengde av tiltaket, så viser vi til søknaden og tilhøyrande teikningar.

Vidare kan ikkje administrasjonen sjå at vår behandling av saka, der vi viser til at området er eit viktig friluftsområde, er uriktig. Statsforvaltaren i Vestland viser forøvrig i sin uttale av 10.10.2022 at «Eigedomen ligg også i eit friluftsområde registrert som viktig.»

Kommunen sin behandling av saka er ferdigstilt med vedtaket frå APM den 26.04.2023. Vedtaket er sendt til klagevurdering til sakens parter og Statsforvaltaren i Vestland.

Statsforvaltaren i Vestland får oversendt klagars supplement av 10.05.2023 til vedtaket av 26.04.2023, sjå vedlegg.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Mottatt supplement frå klagar til oversendinga til Statsforvaltaren i Vestland - gbnr 483/7 Haukeland nordre

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - 483/7 Haukedal nordre

Kopi til:

Arvid Storheim	Vetåsvegen 15	5938	SÆBØVÅGEN
Arvid Storheim	Vetåsvegen 15	5938	SÆBØVÅGEN
Margrethe Aven Storheim	Vetåsvegen 15	5938	SÆBØVÅGEN
Margrethe Aven Storheim	Vetåsvegen 15	5938	SÆBØVÅGEN

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------